



## **MØTEPROTOKOLL**

(styremøte 24, styremøte nr 4 2016)

**For styremøte nr 4 2016 i Jondalstunnelen AS mandag 7. november 2016 kl 1330 på Kommunestyresalen i Jondal.**

**Desse møtte: Toralv Mikkelsen, Svein Halleraker, Jon Larsgard og Heidi Sandven Botnen.**

**Forfall frå: Benthe Enes Bondhus og Beate Husa.**

**Hordaland fylkeskommune og eigarkommunane var kalla inn til drøfting vedr. styresak 16.04.27 Oppgradering av vegstandard Austrepollen – Nordrepollen.**

**Desse møtte: Jostein Ljones (Kvam), Jon Larsgard (Jondal), Roald Aga Haug (Odda) og Peder Sjo Slettebø og Hans Inge Myrvoll (Kvinnherad)**

Kort samandrag av drøftingane:

Hordaland fylkeskommune møtte ikkje, men sende fylgjande mail til møtet (Fylkesdirektør samferdsel): «Mi vurdering er at det kan vere aktuelt å nytte dei auka inntektene til å utbetre vegen inn mot Mauranger, men at vi må få kome attende til det etter at vi har sett oss inn i dei ulike momenta i saka». Kommunane Kvam, Jondal og Odda støtta opp om at prosjektet vert reist innanfor dei rammene som er presentert i saka. Kvinnherad kommune varsla at dei ville gå mot ei utbetring av vegstandaren mellom Nordrepollen og Austrepollen. Om nødvendig ville dei gå mot regulering av tiltaket. Dette grunna frykt for redusert trafikk over Årsnes.

Etter drøftingane med eigarkommunane, heldt styret fram med handsaming av sakene på saklista. Representantane for eigarkommunane Kvinnherad og Kvam forlet møtet.

### **Saker til handsaming:**

#### **Sak 16.04.25 Godkjenning av innkalling.**

Framlegg til vedtak:

Innkallinga vert godkjend.

**Vedtak: Innkallinga vert godkjend.**

### **Sak 16.04.26. Godkjenning av møtebok for styremøte nr 23, 24.08.16.**

Møteboka har vore utsendt til styret. Det er ikkje komme inn merknader.

Framlegg til vedtak: Møteboka vert godkjent.

**Vedtak: Møteboka vert godkjent.**

### **Sak 16.04.27 Oppgradering av vegstandard Austrepollen – Nordrepollen.**

Viser til styresak 16.03.22 om oppgradering av vegstandard mellom Austrepollen og Nordrepollen på Fv 107.

I samband med KU for Jondalstunnelen vart det vurdert fleire alternative løysingar for vegen mellom podlane i Mauranger. Det politiske miljøet, spesielt i Kvinnherad, ynskte ei tunnelloysing og meinte at berre ei tunnelloysing kunne gje ein trygg og sikker veg mellom Folgefonntunnelen og Jondalstunnelen. Men dei økonomiske rammene og forventna trafikk gav ikkje rom meir enn ei utbetring av den gamle anleggsvegen mellom Austrepollen og Nordrepollen.

Initiativet frå styret si side kjem på bakgrunn av at armen Odda – Bergen via Jondalstunnelen har fått ein langt høgare trafikk enn føresett, og strekninga mellom Nordrepollen og Austrepollen har difor fått større ulukkesrisiko. Styret ynskjer utnytta eit større inntekspotensiale til å fremja eit «seinfaseprosjekt» som omfattar ei tunnelloysing mellom Nordrepollen og Austrepollen (jfr. ulike tunnelalt. i KU for Jondalstunnelen) og ei utbetring av vegen mellom Jondalstunnelen og Jondal sentrum som gjev ein trafikksikker veg både for biltrafikken og syklande/gåande.

Før ein set i gang omfattande arbeid med saka må styret, få avklart om eigarane av selskapet tillet at eit slikt arbeid vert sett i gang.

Difor vert eigarkommunane og Hordaland fylke inviterte til å ta del i styremøtet og drøfta saka.

For Jondalstunnelen AS har Per Steffen Myhren, tidlegare Statens vegvesen, sett på det trafikkale og økonomiske grunnlaget for ei vidareføring av prosjektet Jondalstunnelen. Per Steffen Myhren si oppsummering er teke inn i si heilheit nedanfor:

#### ***«Jondalstunnelen – vidareføring av prosjektet***

*Jondalstunnelen hadde i St prp nr 72 (2007-2008) ein finansieringsplan på tilsaman 760 mill 2008-kr. Det var bompengar 83 mill kr, statlege midlar 52 mill kr, kommunale tilskot 58 mill kr og fylkeskommunale midlar 567 mill kr.*

*Denne planen bygde på følgjande føresetnader:*

- *Årleg prisauke på 4,1% frå 2007 til 2009, deretter 2,5%*
- *Gjennomsnitt bominntekt pr køyretøy 86,50 kr (2008-prisnivå)*
- *Årlege innkrevingskostnader 4,6 mill kr fram til 2016 (då det var føresett overgang frå manuell innkreving til AUTO-pass) deretter 2,3 mill kr pr år.*
- *Investering ny automatisk bomstasjon i 2016 5,7 mill kr.*
- *Start bompengeneinnkreving i 2012.*
- *Trafikk i opningsåret 350 køyretøy pr døgn (ÅDT)*
- *Årleg trafikkauke fram til 2016 1,6%, nedgang i 2016 på grunn av gratis Folgefonntunnel, deretter 0,8 % pr år.*
- *Lånerente på 4,5% pr år.*

*Mange av desse føresetnadene har endra seg.*

- *Bominntekta pr køyretøy var i 2015 på 89,82 kr pr passering.*

- *Prosjektet har hatt automatisk innkreving frå opning med årlege kostnader under 2 mill kr pr år.*
- *Trafikken første heile driftsåret (2013) var på 369 ÅDT i tråd med prognosen i St prp.*
- *Men trafikkauken etter opning har vore langt høgare enn føreset i prognosen. Frå 2013 til 2014 var den på 15,3%, frå 2014 til 2015 var den på 15,8% og frå 2015 til 2016 ser den ut til å ligge på om lag 12%.*
- *Lånerenta har vore om lag 3% pr år.*

*Summen av dette og spesielt den store auken i trafikken har som konsekvens at bompengelånet truleg kan nedbetalast i 2017 og det ekstra tilskotet frå fylkeskommune og kommunane på tilsaman 21 mill kr, kan nedbetalast i 2018. Det er og grunn til å merke seg at trafikken gjennom Jondalstunnelen etter at Folgefonntunnelen vart gratis i juni 2016 ikkje har gått ned, som i prognosen, men har hatt ein sterk auke i månadene etter dette.*

*Dette må sjåast opp i mot føresetnadene i bompengeproposisjonen om at berre sjølve bompengelånet ville ta 15 år å betale ned. No kan bompengelånet og refusjonen til fylkeskommune/kommunane betalast ned på 6 ½ år.*

*På denne bakgrunn har styret i Jondalstunnelen A/S teke opp spørsmålet om ei forlenging av bompengeperioden vil kunne gi grunnlag for ei vidare utbetring av tilførslevegane til Jondalstunnelen. Spesielt gjeld dette deler av partiet mellom Austrepollen og Nordrepollen. Denne vegen vart bygt som anleggsveg i samband med kraftutbygging og med dårleg breidde, kurvatur og stigning.*

*Dersom ein føreset at den positive trafikutviklinga vil halde fram til 2020 med ein årleg auke i trafikken på 10% og deretter 1,8% i tråd med sentrale føringer og lånerenta held seg på 3% pr år til 2020 og deretter aukar til 4/4,5% så vil ei utviding av bompengeperioden til og med 2027, som gir ein samla bompengeperiode på 14 år og eit kvartal, kunne finansiere eit låneopptak på 210 mill kr i åra 2019 til 2021. Dersom fylkeskommunen og kommunane reinvesterer sine 21 mill kr, vil ein kunne finansiere vel 230 mill kr.*

*Eit alternativ er at den utvida bompengeperioden går frå 2019 til og med 2033 (15 år) ein vil då kunne finansiere eit bompengelån på vel 350 mill kr i åra 2019 til 2022. Med reinvestering frå fylkeskommune/kommunane kjem vi opp i 375 mill. kr.*

*Her er naturleg nok mange usikre faktorar i dette reknestykket, men det viser at det er eit stort potensiale for vidare vegutbetring på sambandet Jondal – Odda/Kvinnherad.*

*Dersom ein finn at det skal arbeidast vidare med dette opplegget så må det kome ein planprosess, truleg kan ein gå rett på reguleringsplan sidan kommunedelplanen for Jondalstunnelen også omfatta strekninga fram til Austrepollen. Denne planprosessen blir truleg eit kommunalt ansvar å få finansiert, sidan bompengeinntektene frå Jondalstunnelen er reservert til det prosjektet Stortinget gjorde vedtak om.*

*Hordaland fylkeskommune arbeider med ein plan for vidare utbygging av fylkesvegnettet mellom anna. Det er viktig at prosjektet får ein omtale i denne planen då det vil vere grunnlaget for det vidare opplegget for framdrift av prosjektet.»*

Framlegg til vedtak:

Styret for Jondalstunnelen AS vedtek at det vert sendt eit brev til Hordaland fylkeskommune med innspel om å få eit tunnelsamband mellom Austrepollen og Nordrepollen i Kvinnherad nemnt som eit aktuelt nytt prosjekt i regional vegplan for Hordaland, finansiert med større bompengeinntekter enn forventa i Jondalstunnelen.

**Vedtak: Styret for Jondalstunnelen AS vedtek at det vert sendt eit brev til Hordaland fylkeskommune med innspel om å få eit utbetra veg/ tunnelsamband mellom Austrepollen og Nordrepollen i Kvinnherad kommune nemnt som eit aktuelt nytt prosjekt i regional trafikkplan for Hordaland fylke, finansiert med større bompenginntekter enn forventa i Jondalstunnelen. Tiltaket har som siktemål å heva trafikktryggleiken og fjerna «flaskehalsar». Samrøystes.**

**Sak 16.04.28 Økonomirapport 3. kvartal 2016.**

**Økonomisk rapport pr. 30.09. 2016**

Jondalstunnelen AS

Utarbeidet 28.10.2016

av Dagfinn Søvik, Økonomihuset Bergen AS

Alle beløp i NOK

**Resultat**

Tekst	Hittil i år		Budsjett	
	Regnskap	Budsjett	Resterende	Totalt
Driftsinntekter	14 197 236	12 712 300	2 712 700	15 425 000
Lønnskostnader	-171 670	-196 302	-698	-197 000
Driftskostnader vinnkrevingsordning	-810 045	-1 070 000	-580 000	-1 650 000
Andre driftskostnader	-263 755	-235 297	-60 703	-296 000
Netto finansposter	-1 180 495	-1 215 000	-365 000	-1 580 000
<b>Resultat</b>	<b>11 771 271</b>	<b>9 995 702</b>	<b>1 706 298</b>	<b>11 702 000</b>
Avskrivning innkrevingsrett	0	0	-11 702 000	-11 702 000

**Balanse**

Tekst	Virkelig	Budsjett	Tekst	Virkelig	Budsjett
			Egenkapital	2 009 185	0
			Årets resultat hittil	11 770 967	0
Fordring eierkommuner	36 765 000	0	Bompengeån	54 799 990	0
Aktivert innkrevingsrett	63 461 093	0	Kommunelån	36 765 000	0
Andre fordringer	1 325 493	0	Gjeld til eiere	21 000 000	0
Bank	27 225 163	0	Annen kortsiktig gjeld	2 431 607	0
<b>Sum eiendeler</b>	<b>128 776 749</b>	<b>0</b>	<b>Sum egenkap. og gjeld</b>	<b>128 776 749</b>	<b>0</b>

**Likviditet**

	2016
Likviditetsendringer hittil i år	4 250 583
Likvider 01.01	22 974 579
Likvider 30.09.	27 225 163
Disponibel kassekreditt	0
Likviditetsreserve 30.09.	27 225 163

## Kommentarer

Inntektene i regnskapet (14,2 mill) består av trafikkinntekter pr 30.09.16 med kr 13,8 mill og en korrekjson av inntektene for 2015 med kr 0,4 mill. på grunnlag av endelig regnskap fra Folgefonntunnelen. Inntektene for 2016 er reelle tall mottatt fra BT Signal som administrerer innkrevingen.

Inntekt fra passeringer.

Inntektene viser en økning på kr 3 mill i forhold til samme tid i fjor. Inntektene pr 31.12.15 var kr 16,5 mill. Pr 30.09 har Jondalstunnelen oppnådd 83,6% av inntektene i 2015, og må ha en inntekt på kr 2,7 mill i 4. kvartal for å oppnå samme resultat i 2016 som i 2015.

Budsjetterte inntekter i 2016 er kr 15,4mill.

Ved periodisering av inntektsbudsjett er det lagt inn 35,7% av årsbudsjett i 3. kvartal mot 23,4 % i 1 og 2 kvartal, og 17,5% i 4. kvartal.

Trafikktall pr september viser en akkumulert vekst på ca 12% for Jondalstunnelen.

Honorar til styremedlemmer og godtgjørelse til daglig leder er utbetalt i juli måned.

Finansposter hensyntar periodisert andel av rentekostnader inkl. nettoeffekt av renteswap for perioden. Andre fordringer er en fordring på Folgefonntunnelen med kr 1,1 mill og periodisering av inntekter med 0,2 mill.

I budsjettet for 2016 la me ikkje inn auke i inntekt samanlikna med budsjettet for 2015 grunna uvisse knytt til trafikk i Jondalstunnelen etter Folgefonntunnelen vart bompengefri 15..06.16. Trafikkstatistikk for Jondalstunnelen viser framleis vekst også etter at Folgefonntunnelen er blitt gratis. Økonomirapporten pr.30.sept. viser også at inntektene i Jondalstunnelen i 2016 vil kunna passera inntektene i 2015 som var på 16,5 mil kr.

Framlegg til vedtak: Økonomirapport pr. 30.09.16 for Jondalstunnelen AS vert teken til vitande.

**Vedtak: Økonomirapport pr. 30.09.16 for Jondalstunnelen AS vert teken til vitande.**

### **Sak 16.04.29 Informasjon om nytt regionalt bomselskap.**

Toralv Mikkelsen informerer frå informasjonsmøtet i vegdirektoratet 26. oktober 2016.

Framlegg til vedtak:

Informasjonen vert teken til vitande.

**Vedtak: Informasjonen vert teken til vitande.**

### **Sak 16.03,24 Eventuelt.**

Det var ingen saker under eventuelt.

Toralv Mikkelsen

Svein Halleraker

Jon Larsgard

Heidi Sandven Botnen